



## Mykje brukte tiltak på skolen når elevar har stort fråvær

Teksten er strukturert på bakgrunn av "Skolevegving og skolebaserte tiltak" - Elin Knutsen Østevik, (Masteroppgåve, 2009).

Oppgåva beskriv tiltak som er brukt i skolen slik hennar informantar fortel om dei. Dei praktiske eksempla er henta frå erfaringane som vart gjort i LOS-prosjektet i Trondheim kommune 2012 - 2014, der 37 ungdommar mellom 14 og 17 år var fulgt opp med tanke på å redusere høgt bekymringsfullt fråvær.

### 1) Relasjon mellom kontaktlærer og eleven

Maj Britt Drugli har forska på relasjonar i skolen, og ho rapporterer at det er to grupper med skoleelevar som lærarar opplever at det er vanskeleg å få ein god relasjon til:

- a) Utagerande elevar
- b) Elevar med internaliserte vanskar

(Drugli, "Relasjonen lærer og elev" 2012)

Dei elevane som er i størst risiko for å utvikle vanskar i samspelet med jamnaldingar er ofte dei som har eit negativt forhold til læraren sin, men det er også desse elevane som i størst grad vil nyttiggjere seg positive relasjonar både til lærarar og til jamnaldingar. For at ein skal oppnå ein god relasjon til ein annan, må ein ha tilstrekkeleg truverdighet. Denne blir ofte broten når eleven er borte frå skolen i ein periode. Det skal meir til for å gjenopprette truverd enn å oppretthalde ein relasjon som har fått ein god start gjennom for eksempel tydeleg og varm klasseleiing. Derfor må læraren ofte strekke seg lenger for å bygge ein tydeleg alliansetil eleven som viser skolevegving. Lærarar gjer dette på ulikt vis: nokre elevar ønskjar sjølve ein nærare kontakt, og stiller opp på skolearenaen for elevsamtalar og møter. Andre må møtast heime eller på nøytral grunn. Ein lærar arrangerte skogtur med eleven og nokre medelevar, for å snakke om vennskap ved leirbålet, ein annan gjennomførte vekestart- og vekesluttmøte med eleven. Det er utruleg mange mulegheiter her dersom ein leitar etter dei. Erfaringar viser at uansett kva for sårbarheiter som har utløyyst fråværet, og kva for oppretthaldande faktorar som finnest, så er ein sterk kontakt direkte mellom eleven og læraren viktig for å kunne komme tilbake på skolen. Det kan kjennast lettare å gjennomføre utfordrande skoledagar viss ein veit at læraren er ein sterkt alliert. Mange skolar har andre yrkesgrupper på skolen som er involvert i det relasjonelle arbeidet i tillegg til lærarane, og det er bra, men ein må huske på at det er læraren som styrer klasserommet, og som representerer nøkkelen inn dit. Som Drugli seier: «Vegen til vennskap med jamnaldingar for sårbare elevar, må ofte starte med ein god relasjon til læraren».

## 2) Eksponering og rekonstruering av negative tankemønster

Det er viktig å få kartlagt om eleven med høgt fråvær har angst og depresjonskjensler. Det å skulle komme tilbake på ein arena etter lang tids avbrot, vil for mange uansett kjennast skummelt. Ein vil i mange tilfelle kunne ha god bruk for hjelp frå psykolog, BUP eller PPT dersom eleven har dårleg psykisk helse, men uansett kan det ha noko for seg å tenkje ei gradvis opptrapping av skolegangen dersom eleven har vore lenge borte. Mange i skolen er redd for å presse elevar som viser stress og mishag, men behandling for angst er passe eksponering og behandling for depresjon er passe aktivitet. Når ein skal lage ein plan som tek omsyn til elevens situasjon, må ein ta vekk noko av det som synest heilt umuleg, (for eksempel å skifte i gymgarderoben) for å kunne trene seg i å tole noko ein trur ein kan halde ut (vere med i utegymnastikk når det er jogging – og sjå på dei andre inne) Når ein jobbar med ungdommar, bør ein legge vekt på at det å komme tilbake på skolearenaen er deira prosjekt. Dei må kjenne at dei er med på å styre tiltaka – ha kontroll, for å kunne tole å stå i det ubehagelege lenge nok til at stresskjenslene minkar, og blir bytta ut med mestring. Når ein står trygt på eitt trappetrinn, kan ein gå vidare til neste steg. Nokre elevar ønskjar veldig sterkt at tilpassingane ikkje skal synast for andre. Då må ein kunne prøve ut det eleven ønskjar ein periode for så å sjå på andre mulege tiltak. Andre igjen har ikkje sansen for små og forsiktige steg – dei vil hoppe frå timeteren utan å kjenne på kor kaldt vatnet er først. Då må planen ta omsyn til dette.

Av og til stoppar progresjonen heilt opp etter ei stund. Ein kan då vurdere om ein har vore for forsiktig i skreddarsaumen – tilpassingane, slik at eleven ikkje har fått trent seg i det som eigentleg var vanskeleg.

Eit langt skolefråvær og manglande mestring over tid gir grobunn for negative tankemønster: "Det er det samme om eg kjem i dag, det er ingen som saknar meg likevel", andre i familien min har også hatt fråvær", "læraren min likar meg ikkje", "dei andre elevane ser rart på meg", "eg får ikkje til skolearbeidet uansett". Det kan vere fint å gi eleven hjelp til å snu desse tankane - kva kan dei seie til seg sjølv som eit alternativ når dei negative tankane melder seg? Ta med eleven på å finne gode tankar som: "eg har klart det før" og "eg veit at læraren min heier på meg".

## 3) Tilpasse evalueringssituasjonar

Mange av dei evalueringssituasjonane vi har i skolen, er egna til å kunne gi angst og stresskjensler. Elevane skal likevel ha tilbakemeldingar på arbeidet sitt. Det kan vere eit godt tiltak å lage avtalar med eleven om korleis tilbakemeldingane bør vere for at dei skal få best muleg utbytte av dei. Nokre likar samtalen best, fordi dei berre legg merke til det som kjem etter «men ...» i skriftlege tilbakemeldingar, andre vil helst ha det skriftleg slik at dei kan sjå på det i ro og mak. Mange elevar som viser skolevegrande åtferd likar presentasjonar og framføring i plenum dårleg. Det å skulle prestere i gymnastikkfaget er ofte også utfordrande av de innsatsen er så synleg både for læraren og medelevane.

I det heile tatt kan forventningar til å få karakterar vere vanskeleg. Ein læringsstil på skolen som vektlegg læringsprosessen framfor resultat, passar desse elevane godt. Når dei likevel lever i ei verd der noko må vurderast med karakter, er det ofte betre for desse elevane å ha munnlege prøver i staden for skriftlege, presentere for berre lærar, bli forsikra om at ein ikkje plutselig blir spurt om noko i timen, ha senka krav til prestasjonar i ein periode – det er mange mulegheiter, og ein kan fint komme til gode avtalar med eleven slik at ein gradvis kan handtere evalueringssituasjonar på ein betre måte. Ei av elevane som deltok i LOS - prosjektet fekk til å presentere arbeid ho hadde gjort dersom heile klassa sto på rekke, og ho slapp å sjå medelevar i auga. Ho og læraren lagde ein flott opptrappingsplan for presentasjonar, slik at ho til slutt fekk til å lese høgt i klassa, men det starta med å lese heime for bestemor.

#### 4) Styrking av sjølvtilitt og sjølvkjensle gjennom ros og anerkjening

Det å få ros frå lærar der det blir vist til "at du får jo så gode karakterar...", eller "du er så smart" er vanskeleg for mange elevar. Dei opplever det som forventningspress til neste prestasjon. Tilbakemeldingar knytt til korleis dei har tenkt for å løyse ei oppgåve er mykje betre. Ros vil alltid vere knytt til ein standard – noko du har oppnådd. Anerkjening inneber ubetinga aksept av eleven som person. Ei anerkjennande haldning vil bygge sjølvkjensle – noko det aldri kan bli for mykje av.

Auking av sjølvtilitt og sjølvkjensle for desse elevane kjem gjennom gode mestringsopplevingar. For å få til det, kan det vere lurt å sette små målbare mål og senke krav ein periode. Det å invitere eleven til å sjølv vere med på å evaluere at noko har gått fint, eg tolte det, vi er på rett veg – vil også bidra til å snu negative tankemønster. Slike jamlege møter mellom kontaktlærar og eleven vil også understreke at læraren bryr seg om eleven, at han/ho aldri blir gjeven opp, og det skapar tillit. Det er også godt å vite at nokon anerkjenner at eleven strevar og at innsatsen deira for å komme tilbake på skolearenaen blir lagt merke til.

"Jeg hater når folk sier det er bare å gjøre det!"

"Det er godt når det er fokus på noe annet enn angsten. Jeg er mer enn angsten min" (Elev 2015)

Eit tiltak for både å auke relasjonskvalitet mellom lærar og elev og styrke sjølvtilitt og sjølvkjensle, er "banking time": Her finn læraren og eleven tid, gjerne fast, til å gjere noko saman som er lystbetont for eleven, og som ikkje skal evaluerast fagleg. Slike tiltak vil kunne snu ei utvekling med mistillit mellom elev og lærar, og kan vere ein god måte å bli kjent med elevar som deler lite av seg elles. (Drugli 2012)

Viss eleven ikkje kjem til skolearenaen, kan tekstmeldingar direkte til eleven frå læraren gi dei same signala til eleven: du er velkommen, eg tenkjer på deg, eg gir deg ikkje opp.

#### 5) Relasjonar mellom eleven og jamnaldrande

Elevar som har ein del fråvær frå skolen kjenner ofte at avstanden til medelevane aukar. Og kjensla av å ikkje vere eit ekte medlem av klassa vil kunne melde seg. Dette er sjølv sagt dersom eleven har kjent på å bli utestengt eller mobba, men også viss fråværet har vore langt av heilt andre årsakar. Når eleven skal komme tilbake, er det spesielt viktig å sikre at denne ikkje blir utsett for negative tilbakemeldingar frå andre. Men sjølv om ein er nokså sikker på at eleven kjem til eit positivt læringsmiljø, vil det ofte vere bruk for litt drahjelp for å kople seg på igjen. I medelevane ligg det eit stort positivt sosialt potensiale. Det å gi klassa eller gruppa ein kort informasjon om eleven som har vore borte, vil kunne løyse ut dette potensialet. Mange elevar er negative til å ville dele slik informasjon, då dei tenkjer at det blir for privat og avslørande. Eit forslag til informasjon som kan vere lettare å vere med på er dette: «De har sikkert lagt merke til at NN har vore mykje borte frå skolen. Det er av gode grunnar. Når NN no kjem gradvis tilbake, ønskjar ho at de ikkje skal spørre så mykje om kvifor, men seie «hei» på vanleg vis når de ser henne. Det er også lov å ta kontakt med NN på ettermiddagstid sjølv om ho ikkje er på skolen».

Denne informasjonen vil kunne ta vekk noko av det ekle med å plutseleg skulle komme tilbake på skolen, og i vår erfaring utløyser det mange positive kontaktar frå medelevane til den eleven som har fråvær. Her er eit lite utdrag frå eit brev som vart skriva av fire klassevenninner til eleven AA (LOS-prosjektet) som hadde vore heime frå skolen i fleire månader:

"... Alle elever har noe godt i seg, og INGEN fortjener å føle at de gruer seg til å møte opp på skolen. Vi mener det at selv om man har sine egne venner går det ant å inkludere andre. Enten om vi ser at noen er alene, eller bare hilse for å vise at man bryr seg. Vi synes vertfall det er viktig at alle har det bra, og vi ønsker at du skal komme tilbake til klassen vår. Vi kan ikke tvinge deg til å komme tilbake, men det hadde vært supert om du gjorde det. Fordi du har en ganske fin klasse å komme tilbake til. I tillegg så vet vi at du er en grei gutt som vi vil ha tilbake!

Om du kommer tilbake så vil vertfall vi oppføre oss bra ovenfor deg. Vi ønsker at du skal føle deg velkommen i vår klasse. Vi ønsker å inkludere, og vi kommer til å hilse på deg og hjelpe deg om du trenger det ..."

Dette brevet vart ein utløyssar for at denne eleven kom delvis tilbake på skolen, og han klarte å få til eit vitnemål. Etter ein vanskeleg start i vidaregåande skole, noko helsehjelp, samt arbeidspraksis i ei bedrift, gjekk han inn i eit ordinært løp i vidaregåande skole.

Klassa til ein annan elev i LOS -prosjektet, hadde eit opplegg i regi av MOT der dei snakka om det å vere modig. Elevane skulle tenkje på nokon dei kjente som var særleg modige, og viss dei ville, kunne dei skrive ned namnet på denne personen og gi ein grunn for at nettopp denne personen viser mot. Tre medelevar nemnte denne eleven, og grunnen dei oppga, var at denne eleven tør å kjempe for å komme seg til skolen trass i at det er sterkt ubehageleg for han. Han blei nemnt som eit forbilde for andre. Dette er sjølv sagt motiverande å høyre for vår elev, for foreldra, og ikkje minst for læraren. Denne støtten frå medelevar kunne ikkje ha vore gitt utan at dei hadde kjent til at eleven hadde vanskar med å komme på skolen.

## 6) Omvendt integrering

For å få i gang ein opptrappingsplan med naturleg progresjon, kan det mange gangar vere hensiktsmessig å starte i det små. Viss skolen kan legge til rette for ei lita gruppe kring eleven, kan det bli lettare å komme i gang. Her kan ein sikre at eleven er trygg på dei han/ho skal arbeide saman med, og vegen inn til klasserommet blir kanskje kortare. Det er mange mulegheiter her; ein kan starte med vennar av eleven, og etterkvart ta med andre elevar som eleven ikkje i utgangspunktet er trygg på. For å få dette til, må det vere tydeleg at opplegget er vinn – vinn for alle dei elevane som deltek, slik at den eleven som skal tilbake på skolearenaen ikkje kjenner seg stigmatisert, og det blir interessant og «ekte» skole for dei andre. Av og til kan det kjennast lettare å ha oppgåver saman med elevar som er yngre eller eldre. Planlagte aktivitetar i klassetrinn over eller under kan vere eit steg på vegen.

## 7) Heimeundervisning

Er ein metode som dei fleste fagpersonar på området átvarar mot, fordi det vil kunne «løyse» problemet for eleven og foreldra uten at eleven kjem tilbake på skolearenaen igjen. «Viss eg kan få all undervisninga heime, kvifor skal eg då utsette meg for det ubehaget det er å møte på skolen?» Det er også eit fagleg dilemma: når vi veit at avstanden i tid med fråvær skapar/augar angst, blir det då forsvarleg å lage tiltak som aukar denne avstanden?

Sjølv om ein bør prøve andre tiltak først, kan heimeundervisning nokre gangar vere naudsynt. Heimeundervisning, eller eineundervisning med eleven på annan arena mot slutten av tiande trinn, kan vere einaste mulegheit til å skaffe eit karaktergrunnlag for vitnemål. Gode opptrappingsplanar kan starte som heimebesøk/heimeundervisning, der eleven og læraren treng å bygge ein relasjon – ein allianse, for å kunne få til eit godt samarbeid på skolen seinare. Dette har krev openheit om måla

på kort og lang sikt, samt eit målretta arbeid av læraren for å kunne rette arbeidet mot å komme seg på skolearenaen på sikt. Eit eksempel frå LOS-prosjektet: lærar starta heime ein time eller to, kvar dag i fire dagar. Det første målet var å snu døgnrytmen – og heilt i byrjinga forsov eleven seg ofte til timen klokka eitt. Etterkvart fekk dei til skolearbeid, og dei jobba med matematikk, som var yndlingsfaget til denne eleven. Så vart ein medelev med heim. Ho hadde vanskar med matematikk, men ikkje med sosial kontakt. Slik vart dette vinn - vinn for begge jentene – dei kunne hjelpe kvarandre. Seinare var det ein periode med undervisning på eige grupperom på skolen – og meir og meir av undervisninga skjedde saman med klassa i aktivitetar som eleven var trygg på. Siste trappetrinn i planen var fulle skoledagar saman med klassa.

## 8) Strukturar som aukar tryggleik

Når ein utrygg elev skal tilbake i klassa, eller ein vil halde på ein elev som er på veg ut, vil det aldri skade å vere ekstra nøye med klasseleiinga. Det vil skape oversikt og kontroll for alle, også læraren som då får frigitt tid til å følge opp einskildelevane. Det å gå til skole og vite at ein aldri skal trenge å vere utsett for at medelevar skal velge lag i gymnastikk eller grupper i temaarbeidet, vil vere god hjelp for mange. Det at det er faste rutiner for korleis ordet blir styrt i gruppa, at læraren er nøye på at det ikkje fell kommentarar til den som svarar feil, er deilig for den som kjenner seg sårbar. At skoletimen startar og endar på likt vis, at det er rituale som følgast, kan gi nok tryggleik til at eleven tør å ta sin plass. Viss læraren i tillegg modellerer at ein kan gjere feil utan at verda fell saman av den grunn – er ein komen langt på veg. Skolen, som har eit system for klasseleiing, og er tydelege på kva for vaksne standardar som gjeld for arbeidet – vil vere mindre sårbar for at utskiftingar på lærarsida vil få store negative konsekvensar for fråvær. Sjølv om ein lærar er borte, vil elevane kjenne igjen skolens system i den neste lærarens praksis.

På individnivå vil ein informasjon om kor eleven skal møte, kven som skal vere der, når og kor lenge, kva som skal skje samt kva som forventast av eleven i denne tida (dagsplan), vere ein nyttig struktur.

## 9) Å førebygge og stoppe mobbing

Det forskast mykje på skolefråvær, og eit sentralt funn er samanhengen mellom skolefråvær og mobbing (Havik 2015)

For å kunne lage gode tilpassa planar for ein elev bør ein ha god oversikt over læringsmiljøet. Viss ein elev blir plaga eller utestengt, kan ein ikkje legge press på eleven for å møte opp.

Det å kartlegge læringsmiljøet, og sikre seg at det er eit sunt læringsmiljø vil vere heilt sentralt for eleven, og også foreldra, slik at dei trygt kan legge eit press heimafrå på å få ungdommen til skolen. Frå faglitteraturen veit vi mykje om det negative stresset eit mobbeoffer blir utsett for medan plaginga pågår, og også i etterkant. Ein elev som oppgir å bli plaga eller utstøtt av medelevar, treng både at utestenginga skal slutte, og også mykje støtte frå læraren sin og frå nettverket sitt. Konkrete tiltak for å auke og styrke sjølvbiletet vil vere naudsynt.

## 10) Henting heime

Dette er eit tiltak som kan vere svært verknadsfullt, men kan på same måte som med andre tiltak verke dårleg dersom det ikkje er sett i eit system. I verste fall kan ein komme til å ta over foreldra sin autoritet fullstendig i dette spørsmålet, slik at når tiltaket avsluttast, er foreldra ute av stand til å sette krav til barnet sitt om å gå på eiga hand. Hentinga kan skje på ulike vis: alt frå at det er rektor som tek ein tur heim, for å verkeleg vise at skolen meiner alvor med å ønske eleven til sin arena, at

læraren eller vernepleiar hentar, at medelevar kjem innom for å ta følge, at føresette bringer, til at eksterne hjelparar har henta. Det er fint om det er lagd planar på førehand for dette, slik at eleven får meir og meir ansvar for det å komme til skolen på sikt. Som med andre tiltak krever dette nokre gangar tolmod: ein må tole å snakke til låste baderomsdører eller stå på trappa utafor låst dør. Her er ein verkeleg på andres arena, og for å få til dette med respekt, må ein sikre avtalar med føresette og med eleven sjølv.

## 11) Arbeidslaget

For å få til å snu ein situasjon som verker fastlåst for alle som har eigarskap til problemet, må ein sjå på fleire områder samtidig. Mange av elevane står i ein stor strekk i det som er draumen: å få til skole, og på samme tid: gjere alt i si makt for å unngå å gå dit. I alt endringsarbeid vil ein møte psykologiske barrierer, og i dette arbeidet møter ein mange slike, inkludert sine egne.

Når ein samlar eit arbeidslag som består av eleven sjølv, kontaktlærer og nokon frå leiinga på skolen, føresette og hjelparar som psykolog, familieterapeut, PPT eller barnevern, kan ein famne om «heile livet» til eleven. Vi kan finne ei felles forståing av kva som er utfordringa vår, dele på vårt og andres perspektiv – og ikkje minst forplikte oss overfor arbeidslaget til å gjere vår del av arbeidet. Det kan kjennest godt å høyre om ei positiv utvikling på fritidsarenaen for ein lærar som ikkje ser dei store framstega i skolekvardagen, og det kan vere fint for slitne foreldre å sjå ein varm relasjon mellom sitt barn og læraren på skolen.

Førsteprioriteringa i eit slikt arbeidslag er å komme forbi skam og skuld – det gagnar ikkje arbeidet. Dernest kjem det å finne ei felles forståing av problemet, og så å komme fram til ein god plan, med realistiske mål for endring på fleire område samtidig – då vil ein auke sjansen for heilskapeleg endring. Det er fint viss ein kan ha fokus på å sikre seg nokre raske suksessar i arbeidet. Dette vil auke energien i dei som skal ha den for å få til endring på lang sikt. Dei fleste av våre elevar har i periodar klart å mobilisere alle krefter til å stå i skolesituasjonen i korte periodar – dette utan å ha auka kapasiteten sin – dei opplever gang på gang å mislukkast i slike skippertak, og konklusjonen blir at det er noko feil med meg.

Tiltaka som arbeidslaget kjem fram til bør vere grunnlagt i det eleven sjølv har trua på at han/ho skal klare. Det bør vere ein skreddarsydd plan med passe utfordringar, og den bør evaluerast hyppig. Det er lett å miste energi og stå-på-vilje ein og ein, men laget skal alltid kunne finne vegen vidare saman.

## Litteraturliste:

- Bakken, A. (red.):** *Ungdata. Nasjonale resultater 2010 – 2012*. NOVA Rapport 10/13. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Barth, T. & Näsholm, C.** (2007): *Motiverende samtale – MI endring på egne vilkår*. Fagbokforlaget
- Bauger, L., Sundby, J. & Warholm, V.** (2009): Problematisk skolefravær i ungdomsskolen. *Skolepsykologi* 2, 39-47.
- Drugli, May Britt** (2012): *Relasjonen lærer og elev*. Cappelen Damm Akademisk.
- Gran, Ingvild** (2014): *LOS-prosjektet 2012-2014, skolevegring og høgt bekymringsfullt skolefravær*. Prosjektrapport Trondheim kommune.
- Havik, T., Bru, E. & Ertesvåg, S.K.** (2013 online). Parental perspectives of the role of school factors in school refusal. *Emotional and Behavioural Difficulties*, 19(2), (2014), 131-153.
- Havik, T., Bru, E. & Ertesvåg, S.K.** (2014 online). Assessing reasons for school non-attendance. *Scandinavian Journal of Educational Research*. 59(3), (2015), 316-336.
- Havik, T.** (2015) *School non-attendance. A study of the role of school factors in school refusal*. (Doktorgradsavhandling, UiS).
- Heyne, D., Rollings, S., King, N. & Tonge, B.** (2002): *School refusal*. Oxford, England: British Psychological Society; Blackwell Publishing.
- Holden, B. & Sällman, J-I.** (2010): *Skolenekting. Årsaker, kartlegging og behandling*. Kommuneforlaget.
- Ingul, J.M.** (2005): Skolevegring hos barn og ungdom. I: Befring, E., Talseth, R. & Veia, I (red.): *Barn i Norge 2005. Se meg*. Oslo: Voksne for barn.
- Ingul J.M, Klöckner C.A, Silverman W.K og Nordahl H.M** (2012): Adolescent school absenteeism: modelling social and individual risk factors. *Child and Adolescent Mental Health Volume 17, No. 2, pp. 93–100*.
- Ingul, Jo Magne; Nordahl, Hans Morten** (2013): Anxiety as a risk factor for school absenteeism: what differentiates anxious school attenders from non-attenders.? *Annals of General Psychiatry*. vol. 12 (25).
- Kearney, Christopher** (2007): *When Children refuse school*. Oxford University Press Inc.
- Kinge, Emilie** (2006): *Barnesamtaler*. Gyldendal akademisk.
- Lund, Ingrid** (2004): *Hun sitter jo bare der*. Fagbokforlaget.
- Nordahl, T. & Overland, T.** (2013): *Rett og plikt til opplæring: om fravær og deltakelse i skole*. Fagbokforlaget.
- Moen, Erlend** (2014): *Slik stopper vi mobbingen – en håndbok*. Universitetsforlaget.
- Myhrvoll-Hanssen, J.** (2007): Skolevegring – om å rulle ut en rød løper. *Spesialpedagogikk* 09, 4-14.
- Roland, Erling** (2007): *Mobbingens psykologi: hva kan skolen gjøre?* Universitetsforlaget.
- Rudjord, Kristin** (2009): *Skolemiljø og skolevegring. Skolerelaterte faktorerets betydning for skolevegring*. Master i Spesialpedagogikk, Universitetet i Stavanger.
- Tambirajah, M.S., Grandison, K.J. & De-Hayes, L.** (2009): *Understanding school refusal - A Handbook for Professionals in Education, Health and Social Care*. Jessica Kingsley Publisher.
- Østevik, Elin Knutsen** (2009): *Skolevegring og skolebaserte tiltak*. Master i Spesialpedagogikk, Universitetet i Stavanger.

### Andre publikasjoner:

- Oslo kommune. Utdanningsetaten** (2009): *Skolevegring. En praktisk og faglig veileder*.
- Stavanger universitetssykehus. Barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling. Ambulant team** (2007): *Veileder i skolevegringsproblematikk. Råd i kartlegging og behandling*.
- Utdanningsdirektoratet** (2011): *Veileder om hvordan kommuner og skoler systematisk kan håndtere situasjoner der barn ikke møter i grunnskolen*.